

# RAPPORTERING PÅ BARK MIDLAR (2)

Bømlo kommune søkte i 2016 om støtte til ny tilrettelegging i Sökkamyro, gjennom BARK ordninga, og fekk innvilga kr 79 000 til dette.

I kostnadsoverslaget og framdriftsplanen til søknaden, blei desse tiltaka skissert:

1. Klasesett («kasse») med relevante replikaer til bruk i DKS- opplegg ved Hillestveit skule.
2. Bogar med utstyr.
3. Oppstart av eit digitalt formidlingsprosjekt via mobil- app.

Bømlo kommune har knytt til seg ekstern konsulent, for faglege val knytt til innkjøp av utstyr samt med utvikling av digitalt formidlingsprosjekt.

Steinalderkassen består av: buttnakka trinnøks, spissnakka slipt trinnøks, Vespestadøks, tykknakka bergartsøks, emne til trinnøks, pil med ryolittspiss, knakkestein og gevirverktøy, flintkjerne samt oppbevaringskasse.

Bogane er av type Holmegård.

## **1. Klasesett («kasse») med relevante replikaer til bruk i DKS ved Hillestveit skule**

Elevane skal få bruka relevant replika av dei kulturskattane som arkeologane finn mykje av i Sökkamyro, og som gjer Sökkamyro/Hespriholmen unik i norsk kulturhistorie (t.d. skiveøks, Vespestadøks, prikkhogd øks osv). Gjennom den kulturelle skulesekken vil besøk i og rundt Sökkamyro kunne bli lagt inn som ei obligatorisk hending for elevane på mellomtrinnet, der elevane ved Hillestveit får ei spesielt ansvar for å visa fram og legga til rette for bruk av dei ulike innkjøpte replika.

## **2. Bogar**

Bogen er både relevant for formidling av reiskap laga i Sökkamyro, samt som sentralt våpen i dei første 10000 åra av vår historie langs vestlandskysten. Bruk av bogane er tenkt som formidling inn mot dei eldste kapitla av vår historie, og høver til bruk både for aktivitet og ulike tema.

## **3. Oppstart av eit digitalt formidlingsprosjekt via mobil app**

Kommunen har vore i kontakt med professor Gunnar Liastøl ved Institutt for Medier og kommunikasjon v/UiO ved fleire høve, og har lagt eit godt grunnlag for vidare arbeid med mobil app (sitsim) i Sökkamyro. Gunnar Liastøl er ein mentor i Norge på dette med AR og VR som digitale reiskap i historieformidling. Han har som forskar ved UiO utvikla sitsim-konseptet for iphone, og laga fleire tekstutgåver i sitt arbeid med å utvikle dette. Liastøl seier seg interessert i å laga ein sitsim- app for Sökkamyro som del av utviklingsprosjektet til denne teknologien. Råma for arbeidet vil vera på ca 1 000 000, og tidsmessig vil det gå ca 1

år og utarbeidde appen. Dette er eit kostbart prosjekt, som Bømlo kommune på noverande tidspunkt dessverre ikkje har høve til å setja av midlar til. Difor har ein i forlenging av diskusjonen rundt dette vurdert å knytte seg opp mot KulNatur prosjektet, som nyleg blei opna på Meling skule her i Bømlo. Dei har tatt i bruk moderne datateknologi; feltarbeid med ipad, bruk av multimodalt tekstverktøy (kombinasjonar av verbaltekst, film og lyd) og utprøving av ulike LMS m.m. Dette har dei gjort i samarbeid med eit lokalt firma med kompetanse på app- produksjon. Appen «KulNatur» er ei forkorting (kul og natur), men assosierer også rundt det moderne uttrykket «kult». Appen knyttar seg digitalt til ulike kulturhistoriske lokasjonar (i ei løype i Stønstabøvågen) som er sett opp ute i løypa. Når brukarane loggar seg på via mobiltelefonen, vil dei kunne få tilgong til informasjon etter kva brukarpålogging dei har (t.d. gjest eller elev). All informasjon i appen er i form av tekstar, bilete, illustrasjonar og lys som elevane har produsert gjennom eige studie og feltarbeid via i-pad. Utviklinga av denne appen har kommunen kosta sjølv. Denne teknologien kan overførast til bruk i Sokkamyro, der Hillesveit skule vil få eit spesielt ansvar for utarbeiding av informasjon.

## REKNESKAP BARK (2)

<b>Utgifter:</b>	
Kjøp av konsulenttenester	Kr 30 000
Kjøp av «Steinalderkasse» med div innhald	Kr 22 500
Kjøp av bogar inkl piler og sikringsutstyr	Kr 18 750
Adm utgifter knytt til DKS	Kr 15 000
Medarrangør Steinriket Bømlo	Kr 12 000
Båt til Hespriholmen	Kr 10 000
Møter med Moster Amfi/bygdatunet	Kr 5 000
Vertskap Steinriket	Kr 10 000
Adm utgifter knytt til fysisk tilrettelegging og rapportering	Kr 15 000
Utviklingsarbeid knytt til digital formidling	Kr 10 000
Uteståande arbeid knytt til digital formidling som blir gjennomført som eigeninnsats i løpet av 2017.	Kr 9 750
<b>SUM UTGIFTER:</b>	<b>KR 158 000</b>

<b>Finansiering:</b>	
Tilskot frå Riksantikvaren	Kr 79 000
Kommunal eigenandel	Kr 79 000
<b>SUM FINANSIERING:</b>	<b>KR 158 000</b>

### Til informasjon:

- Norgeseliten i geologisk kunnskap kjem til Bømlo ein gong i året. Dei plar vera i Moster Amfi, men me fekk i år flytta arrangementet til Langevåg bygdatun, for å setja fokus på ein meir heilskapleg tankegang kring kulturminna. Ynskje er å kunne formidla Sökkamyro og Hespriholmen meir i samanheng. Seminaret gjekk over to dagar, der Bømlo kommune var med som vertskap og tilretteleggar, samt stod for organisert tur til Hespriholmen med båten «Gå På». Dette hadde me ikkje med då me sendte inn søknaden på BARK midlar, men då dette dukka opp som eit moglegheit, meinte me det var spennande og få til. Deltakarane på seminaret var også veldig nøgde.
- Under utgiftsposten til utviklingsarbeid knytt til digital formidling er me ikkje heilt i mål med utgiftene. Her vil det koma utgifter med app, utarbeiding av skreve materiell og elevarbeid knytt til formidling.

På bakgrunn av rapport ber me om å få utbetalt heile summen på kr 79 000.